

Notat – utlysning av stipendiatstilling i ukrainsk

Instituttleiar er delegert myndigheit til å gjere vedtak om utlysning av stillingar ved instituttet, men vil gjerne diskutere utlysinga med instituttrådet først.

Stipendiatheimlane

Saman med tilsettingar i faste stillingar er stipendiatstillingane er dei viktigaste faglege prioriteringane vi gjer på instituttet. Samanlikna med tilsettingar i faste stillingar, som skjer med utgangspunkt i bemanningsplanen, har vi større fagleg handlingsrom når det gjeld stipendiatutlysingane. Det gjer at vi kan nytte dei til å gjere faglege prioriteringar raskare og med kortare tidshorisont.

Instituttet har per i dag 12 stipendiatheimlar, men det er ikkje gitt at det vil vere slik for alltid. Vi har allereie sett at nokre av stipendiatheimlane som låg på instituttet har vorte flytta til fakultetet og det kan skje igjen. Ein faktor som spelar inn på dette er i kor stor grad vi klarer å utnytte dei heimlane vi har. Per i dag har vi fleire unytta heimlar, som eit resultat av at åremåla for stipendstillingar vi har hatt har gått ut utan at vi har tilsett nye stipendiatar. Dette vil gjelde òg når vi får tilsett i dei fem stipendiatstillingane vi har utlyst no.

Ein annan faktor som spelar inn er i kva grad vi klarer å vise at vi nyttar stipendiatstillingane strategisk. Dette er ei tydeleg forventning frå det sittande dekanatet. Referatet frå instituttrådsmøtet i juni 2021 seier ikkje noko om kva strategisk vurdering som låg til grunn for den opne utlysinga.

Behov for kompetanse om Ukraina

Krigen i Ukraina har sett fokus på manglande kunnskap om Ukraina i Noreg. Ukraina er det nest største landet i Europa. Som offisielt språk i eit land med meir enn 40 millionar innbyggjarar er ukrainsk òg det største språket i Europa som det ikkje har vore undervist i Noreg på fast basis.

I kjølvatnet av krigen i Ukraina har det kome fleire initiativ både frå ulike fagmiljø på IF, frå universitetsleiinga og i norsk akademia generelt. Denne saka er eit forsøk på å møte desse initiativa med eit konkret tiltak.

Både frå russiskfaget og frå eit tverrfagleg miljø med utgangspunkt i Torgeir Skorgen kom det framlegg til nye emne som kunne gå inn i emneporteføljen på instituttet, anten knytt til bachelor i russisk, eller som EVU-emne. Begge framlegga var fagleg gode og relevante, men med den ressursituasjonen vi har var det ikkje mogleg å gjennomføre dei utan mellombelse tilsettingar. Signala frå fakultetsleiinga er at ein på generelt grunnlag ønskjer å redusere emneporteføljen og at ein må redusere bruken av mellombelse. Det er difor ikkje rom til å opprette nye emne.

Nasjonalt har det vore stort fokus på manglande kompetanse på Ukraina. Tydlegast kom dette til uttrykk i ein kronikk i Khrono 15. mars. Fire forskarar med kopling til Ukraina argumenterer godt for at landet har hamna i ein akademisk blindsoner i Noreg og at det er behov for meir kompetanse spesifikt på Ukraina.¹ Kronikken danna seinare utgangspunktet for etableringa av eit nettverk av forskarar i Noreg med interesse for Ukraina-spørsmål. To av desse (instituttleiar Martin Paulsen og professor Ingunn Lunde) er frå IF.

¹ <https://khrono.no/ukraina-i-den-akademiske-blindsonen/671052>

UiB-leiinga har heilt frå starten av krigen vore svært aktiv i å vise fram universitetet sin relevans for å bidra til å forstå konflikten og hjelpe dei som er råka av krigen. IF har vore sterkt involvert i formidlingsaktivitetar initiert av UiB-leiinga og fått på plass eit engelskkurs for ukrainske flyktningar, etter førespurnad frå UiB-leiinga.

Mange av dei tilsette på russiskfaget ved IF har i tida frå 24. februar vore svært aktive i norske media. Dei har formidla konflikten med utgangspunkt både i eiga forskning og deira breie kjennskap til Russland og Ukraina. Samstundes er det ei kjensgjerning at denne formidlinga har skjedd med utgangspunkt i kompetanse på Russland. Fagmiljøet i russisk har samstundes jobba med å styrke det ukrainske perspektivet på den kulturelle og politiske utviklinga i regionen. Det er eit behov for å styrke dette arbeidet med spesifikk Ukraina-kompetanse.

Samla meiner instituttleiar at desse argumenta talar for at det å utlyse ei stipendiatstilling i ukrainsk vil vere ein strategisk god måte å bruke instituttet sine ressursar på, både i eit lokalt og nasjonalt perspektiv.